

Del 2

Årsmelding 2016

Einingane



Samnanger kommune
- der du vil leva og bu -

Innhold

side

Sørvissenteret	1
Teknisk forvaltning	3
Teknisk drift	5
NAV – <i>kommune</i>	7
Samangerheimen	9
Heimeteneste	11
Teneste Funksjonshemma	13
Helse	15
Barnevern	17
Barnehagane	19
Samnanger barneskule	21
Samnanger ungdomsskule	23
Kultur	26

Sørvisseenteret

Eininga sine tenester

Eining for sørvisseenter har ansvar for mellom anna postmottak, arkiv, ekspedisjon, sentralbord, politisk sekretariat og IKT. Eininga hadde 4,75 årsverk i 2016, fordelt på fem tilsette (einingsleiar 100%, to sekretærar med høvesvis 90% og 85% stilling, og to IKT-konsulentar med 100% stilling).

Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Viktige satsingsområde for sørvisseenteret i 2016 var mellom anna:

- Organisera og rydda eldre arkiv.
- Samla inn/ordna arkivmateriale frå alle einingane i kommunen.
- Digitalisera delar av personalarkivet.
- Arbeida aktivt mot målet om å bli ein fullelektronisk kommune (digitalt arkiv, "papirlaus saksbehandling" m.m.).
- Skifta ut eldre datautstyr og oppgradera program.

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Dei siste åra har dokumentmengda som sørvisseenteret har ansvar for auka vesentleg. Bakgrunnen for dette er både innsamling av arkiv frå andre einingar i kommunen, og at fleire typar saker/dokument enn tidlegare vert journalførte i kommunen sitt generelle arkiv-/ saksbehandlingssystem (Websak).

Talet på innsynsførespurnader har også auka dei siste åra. Som følgje av dette har arbeidsmengda knytt til arkiv vorte vesentleg større dei siste åra, utan at det er tilført nye stillingsressursar. Dette gjer det nødvendig å gjennomføra effektiviseringstiltak, mellom anna overgang til digitalt arkiv og "papirlaus saksbehandling".

Sørvisseenteret har i dag ikkje tilstrekkeleg med føremålstenlege arkivlokale, verken med omsyn til plassbehov eller dokumenttryggleik (tryggleik mot brann, vasskade eller innbrot/uautorisert tilgang). Det vil krevja investeringar å løysa dette. Utfordringane med arkivlokale bør sjåast på i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet i 2017.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Marianne Soleng

Netto driftsutgifter:

Kr 5 025 031

Avvik rev.budsjett:

Kr +119 415

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

5

Tal årsverk:

4,75

Tal brukarar:

4.488

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Utvikling i tal arkivsaker og journalpostar i kommunen sitt arkiv-/saksbehandlingssystem							
Tekst	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Merknad
Arkivsaker registrert i Websak (Websak er kommunen sitt elektroniske arkiv- og saksbehandlingssystem (hovudsystem).	668	739	852	1008	1016	1083	Ei arkivsak kan t.d. vera ei tilsetjingssak, byggesak, elevsak, plansak eller ei personalsak.
Journalpostar registrert i Websak	5412	6742	6892	8041	9210	10040	Ein journalpost kan t.d. vera eit inn-/utgåande brev eller eit saksframlegg.

IKT vert ein stadig meir integrert del av mykje av det kommunen held på med. IKT-konsulentane arbeider kontinuerleg med å finna, få på plass og drifta gode og føremålstenlege løysingar, ofte i samarbeid med både einingane og andre. I 2016 arbeidde IKT-konsulentane mellom anna med dataløysingane i det nye sjukeheimsbygget, men også diverse andre større og mindre IKT- "prosjekt" og -tiltak vart gjennomførte.

Ein av IKT-konsulentane har dei siste par åra hatt ein del administrative oppgåver knytt til brannvesenet og førstehjelpsbilen. Dette gjer at den faktiske stillingsressursen knytt til IKT har vorte litt redusert, sjølv om dette ikkje viser budsjettmessig.


Kommunen si brannmurløysing vart skifta ut i 2016. Dette var nødvendig med tanke på datatryggleiken dei nærmaste åra.

Kommunen har i dag ikkje ein fastsett plan for utskifting av datamaskinar, programvare, datasystem m.m. Det er behov for ein slik plan.

Spesielle hendinger:

Det vart gjennomført folkerøysting om kommunereforma i juni 2016. Sørvisssenteret hadde det meste av det praktiske ansvaret med førebuing, gjennomføring og etterarbeid i samband med folkerøystinga. Folkerøystinga måtte førebuaast og gjennomførast på relativt kort varsel, men dette gjekk i all hovudsak veldig bra.

Sørvisssenteret har arrangert jule- og påskelunsj for tilsette på kommunehuset.



Røystesetel frå folkerøystinga i juni 2016

Teknisk forvaltning

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Ansvarsområde for eininga:

Bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, plan og miljø, feiing, brann- og redningsvesen.

Både planleggjar og byggesakshandsamar har vore i barselpermisjon i løpet av dette året. Me var heldige og fekk vikarar for desse, og dei har gjort ein svært god jobb.

Teknisk forvaltning har mange ulike oppgåver som krev fagleg kompetanse. Kontoret er lite og med ein person på kvart fagområde vert det nødvendig å henta inn eksperthjelp utanfrå. Me må innsjå at me med dagens bemanning slit med å levera fullgode tenester til innbyggjarane. Det er vanskeleg å vera oppdaterte på alt som skjer i dei ulike faga. Det er avsett for lite midlar i budsjettet til kurs/oppdatering av tilsette.

Innkome gebyr har vore over budsjett for oppmåling, men under budsjett for byggesak.


Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Me sakshandsamar bygge – og delingssaker innan ei veke, medan fristen er 3 veker. For oppmålingssaker bruker me i snitt 70 dagar medan fristen her er 90 dagar. Nedanfor ser me oversikt over tal saker i 2016:

- Tal byggesaker: 87
- Delingssaker: 11
- Plansaker: 1
- Oppmålingssaker: 42
- Nye abonnentar vatn: 17
- Brannutrykkingar: 12

Eininga har jobba mykje med kommuneplanen i 2016. I tillegg har eininga vore engasjert i utviklinga på Bjørkheim og Rolvsvåg industriområde.

Eininga har òg vore sterkt involvert i BIR-prosjektet som har gått føre seg gjennom 2016. Me har kartlagt og synfart ulike forsøplingsstader i kommunen. 34 stader vart identifisert som moglege forsøplingsstader etter flyfotoanalyse. Det vart gjennomført 19 varsla kontrollar og 8 varsel om pålegg om opprydding vart sendt. Dei gjennomførte synfaringane førte til at fleire bilvrak og store mengder avfall er fjerna. I nokre tilfelle tek oppryddinga lang tid og ekstra kontrollar krevst for å halda seg orientert med oppryddingsgjennomgang. For dette arbeidet har SK i 2016 betalt BIR kr. 50.380,- for 2016. Dette er eit arbeid som er svært viktig og som teknisk forvaltning verken hadde hatt tid eller ressursar til å gjennomføra åleine. Styret i BIR vedtok at frå 2017 skal prosjektet vidareførast som ein permanent teneste og finansierast i sin heilheit av BIR.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kenth P. Opheim

Netto driftsutgifter

Inkl. brann/feiing:

Kr 6.296.695

Avvik budsjett:

Kr +26.777

(Mindreforbruk)

Tal tilsette:

7 (+ 13 brannkonstabler.)

Tal årsverk:

5,43 (+0,14 brann)

Tal brukarar:

2.488

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Det er framleis nokre saker i Samnanger som ikkje er synfart, og nokre av dei er store saker. Desse stadene skal synfarast våren 2017 med representantar frå BIR og miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland.

Samarbeidet med Bergen Brannvesen fungerer veldig godt. Det vert halde brannbefalsmøte kvar månad. Brannvesenet har gjennomført sine øvingar og fungerer svært bra i den operative tenesta si. Me har vedteke å rekruttera flest mogleg av nye brannmannskaper frå kommunalt tilsette. Bakgrunnen for dette er at me har hatt problem med å få vaktlistene til å gå i hop på dagtid, når mange av brannmannskapa har arbeidsstad utanfor kommunen. Brannstasjonen i Samnanger held ikkje dagens krav til brannstasjon. Det er særleg med tanke på «rein og skitten» sone. I samband med vernerunden i 2016 såg me kva løysingar som kan gjennomførast for å betra forholda. Manglande budsjettmidlar set ein stoppar for dette arbeidet, men me vil ta opp igjen arbeidet med dette i 2017.

Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga har interne møte kvar veke. Samarbeidet på eininga har vore svært bra gjennom året. Teknisk forvaltning sitt kontor på kommunehuset er stengt kvar onsdag, dette vil verta vidareført. Teknisk forvaltning ønskjer seg ei ordning der publikum må venda seg til ekspedisjonen når dei kjem, eventuelt ringja på førehand og tinga avtale med sakshandsamar. Dette vil gjera møtet meir effektivt fordi sakshandsamar kan førebu seg til dei einskilde sakene eller avklara forhold over telefon. Sjukefråværet er på 7,6%. Det er noko høgt i forhold til målet for kontorsektor (3,8). Fråværet skuldast ikkje forhold på arbeidsplassen.

Spesielle hendinger:

- BIR-prosjektet starta opp
- Brannbefal-rekruttering til kommunalt tilsette
- Oppstart trafikksikringsplan (TS)
- Vedteke revisjon av reguleringsplan for Bjørkheim og starta gjennomføring av denne



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Endre Kulleseid

Netto driftsutgifter:

Kr 11.428.728

Sjølvkost:

Kr 7.522.237

Avvik rev budsjett:

kr - 437.844
(meirforbruk)

Tal tilsette:

21

Tal årsverk:

15,60

Tal brukarar:

2.488

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Teknisk Drift.



Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Ansvarsområde

- Vatn og avløp (sjølvkostområde)
- Eigedom
- Veg og kaiområde
- Reinhold

Største utfordringa innan eininga sitt ansvarsområde er etterslep innan vedlikehald på avløp og veg. Aldrande tekniske installasjonar krev stadig meir feilsøking og reparasjonar. Mykje av bygningsmassen er relativt ny og av god standard. Særskilt på ungdomsskulen og for nokre bygg er det etterslep på vedlikehald. Lågt budsjett på veg gjer at brøyting og vintervedlikehalde tar alle midlar. Nødvendig vedlikehald må då verta utsett.

20% av stillinga til driftsmannskapet er knytt til brannbefal. Utkøyring, innlevering, service, feilsøking og montering av hjelpemiddel krev stadig auka tidsbruk, og utgjer ca ei 35% stilling. Det har vore eit utfordrande år med svært knappe ressursar til dei faste oppgåvene. Stadig nye prosjekter kjem til utan ekstra ressursar, og pålagte tilsyn krev meir oppfølging. Det er utfordrande for ei lita eining. Eininga har vedlikehaldsplanar med ros-vurderingar for alle ansvarsområda, men manglar ressursar til å løysa dei.



Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga har fokus på og forbetrar kontinuerleg arbeidsklede og verneutstyr. Reinholdet har gått meir og meir over til maskinelt reinhold, og det vert skifta ut og skaffa det verktøy og utstyr som er best for arbeidet og arbeidsmiljøet. Det har ikkje vore ulykker eller skader i 2016. Sjukefråværet i teknisk drift er lågt, 3,2% , og ligg innanfor målsettinga som er likt for kontorsektor (3,8%)



Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Måla er knytt til;

- Drift av kommunen sine bygningar, vassforsyning, avløpsanlegg, idrettsanlegg, uteområde og vegar.
- Vedlikehald av kommunen sine bygningar, vassforsyning, avløpsanlegg, idrettsanlegg, uteområde og vegar i tråd med budsjett.

-Rehabilitering av prioriterte oppgåver i tråd med budsjett.

Måla for energisparing er ikkje oppnådd. Eininga var ikkje tildelt ressursar til å investera i dei tiltaka som var nødvendige for å få redusera energiforbruket og få utgiftane ned.

Overforbruket i eininga skuldast bortfall av øyremerka tilskot til rehabilitering av omsorgsbustadane i Skjervo.

Utførte oppgåver – utover dagleg drift		Vedlikehald	Rehabilitering/Nybygg
Bygg	Skottabakken(nybygg)	Vaska og malt utvendig	
	Ungdomsskulen - pauserom		Maling nytt golv og nytt kjøkken
-	- Toalett		Toalettet - nye fliser
			Maling veggjar, tak og nytt golv
-	- bassengbygg	Nytt golvbelegg 2 klasserom og gang	
	Helsetunet		Montert nytt gjerde
Uteområde	Dråpeslottet		Skifta alle stokkar på leikeapparater
			Skifta tak på multihus
Avløp	Pumpestasjon Reistad	Skifta pumperøyr	
	Slamavskiller Gjerde	Bygt om utløp.	
	Slamavskiljar Gjerde, Skottabakken og Samnangerheimen	Montert kolfilter på utlufting	
	Nordbygda	Rep overvatn gangsti	
Vatn	Myra/ Rolvsvågen vassverk		Utskifte av luftavfuktar.
	Myra vassverk	Skifta sand i filter (vassbehandling)	
			Bygt hus for straumaggregat
			Støypt lagringsplass for marmor
	Leidningsnett	Rep 2 brudd	
	Leidningsnett	Frakopling gamal vassleidning i gamal vassforsyning til Ådland.	
Vei	Veg til ungdomsskulen		Rep mur og veg
	Nordbygda – Vassloppa bhg		Rep trapp gangsti.
Hjelpe- middel	Utlevering, henting, feilsøking, rep og montering	Brukarar 242 stk	Dette er oppdrag som ein ofte må vera 2 personar for å utføra.

✚ Miljøtiltak og energiøkonomisering

Tilsette i eininga prøver å tenka miljø og energiøkonomisering i alt me gjer i den daglege drifta. Som eit prøveprosjekt er det i år skifta ut 13 veglys til ledlys. Målet er å sjå kva effekt dette har før me skiftar samtlege veglys. Alle lampar i bygga som vert skifta vert erstatta med ledlys.

Det har vore sett søkelys på bruk av meir miljøvenlege reingjeringsmidlar og rett metode.

Eininga har slutta å bruka sprøytemidlar langs kommunale vegar.

✚ Spesielle hendinger:

-Teknisk drift vart frå januar eiga eining.

-Utbygging på Bjørkheim. Nytt vatn- og avlaupsanlegg, realisering av reguleringsplan med gater, torg og parkar. Dette har vore eit krevjande prosjekt der teknisk driftssjef har vore byggeleiar og hatt ansvaret for oppfølginga i tillegg til dagleg drift.

-Oppstart bygging av kunstgrasbane. Teknisk drift var prosjektansvarleg.

-Tilsyn BKK- el.anlegg og elektrisk i kommunale bygg

-Tilsyn av Mattilsynet på vassverket. Krav om å utarbeida ROS-analyse på vassverket og leidningsnettet innan juni 2017. Påkopling av nye abonnentar vassverket – Frøland og Aldalen.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Magne Djuvik

Netto driftsutgifter:

Kr 3 978 278

Avvik:

Kr + 107 516

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

4

Tal årsverk:

2,4

Tal brukarar:

117

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



NAV (NAV kommune og flyktningkontor)

Samnanger kommune har følgjande ordningar lagt til NAV kontoret; økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram og bustadar til vanskelegstilte og Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskot). Sakshandsaming av søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma og transportordning er òg lagt til kontoret. Flyktningtenesta ligg òg til NAV-kontoret.

 **Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester**

I 2016 har kommunen teke imot 16 flyktningar. Målgruppa hjå NAV er alle vaksne over 18 år. Hovudmålet for arbeidet ved NAV er at brukarane skal vera på rett yting, men primært vera i inntektsgjevande arbeid. Det vert arbeidd mykje med å få dei unge inn i ulike type arbeid eller tiltak som kvalifiserer for arbeid. Med utgangspunkt i eit heller avgrensa næringsliv i kommunen er dette ikkje lett. Det er godt samarbeid med nokre verksemdar i kommunen, og her er det lett å få til gode ordningar.

NAV, kommunal del og NAV statleg del har felles leiar.

Målet er at sakshandsamarane skal vera godt budde til avtalar og det er ønskje om at flest mogleg avtalar møte. Kontoret er ope kvar dag, men har «dropp inn» kl 10 – 14.30 tre dagar i veka. Dette har fungert godt.

Søknad om økonomisk sosialhjelp	2014	2015	2016
Søknad om startlån	5	4	6
Søknad om bustøtte	38	33	38
Søknad om utbetringstilskot	7	4	2
Søknad om parkeringsløyve	7	16	11
Søknad om transportordning for funksjonshemma	13	10	15

Tala i tabellen syner at det har vore ei auke i talet på dei som har hatt sosialhjelp som hovudinntekt. Årsaka er at dei 16 flyktningane som kom til kommunen frå sommaren 2016 har fått økonomisk sosialhjelp i påvente av introduksjonsstønaden. 4 av desse hadde økonomisk sosialhjelp i 6 mnd eller meir. Samtidig ser ein at den gjennomsnittlege stønadstida har gått ned både totalt og for dei mellom 18 og 24 år. Statistikk syner at Samnanger ligg lågt på oversikten over kva for kommunar i fylket som har størst negativ utvikling både knytt til tal personar som mottek sosialhjelp og kostnadane knytt til dette.

Satsane for sosialhjelp er rådgjevande statlege satsar. Men Samnanger har i motsetning til kommunane rundt oss kommunestyrevedtak på at barnetrygd skal haldast utanom.

✚ Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Mottak og integrering av flyktningar har vorte ei viktig oppgåve. Det er tilsett flyktningkonsulent som har dagleg oppfølging. I haust har tida gått mykje til busetjing, få papir på plass, helsesjekkar, skule mm.

Introduksjonslova seier at flyktningane skal ha 37,5 timar aktivitet kvar veke. Dette har bydd på utfordringar då Nygård skole ikkje har hatt kapasitet til å gje dei det dei treng.

✚ Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

	2013	2014	2015	2016
Sjukefråvær i %	0,2%	4%	5,7%	3,8%

Eininga har lågt sjukefråvær og tilsette med lang erfaring og god kompetanse. Målet er 3,8%.

✚ Spesielle hendingar i 2016:

Mottak av 16 flyktningar frå Syria.

Betre system/oppfølging av bustadar i kommunen. Samnanger kommune (NAV Samnanger) har avtale om framleige av 21 private bustader som me leiger vidare til brukarane våre.

✚ Utfordringar:

- Integrering av flyktningane
- Oppfylle kravet i introduksjonslova
- Samarbeid med Nygård skole

✚ Mål 2017:

- Meir integrerte flyktningar
- Få på plass skule- og språk/arbeidspraksis som stettar kravet i introduksjonslova
- Eit godt system for aktivitetsplikt
- Ta imot 1 flyktning til
- Politisk vurdering av reglane knytt til barnetrygd
- Få flest mogleg til å laga timeavtalar med sakshandsamar
- Vurdera redusert tid for «dropp inn»
- Halda fram med å gje god hjelp/bistand til dei som treng det

Samnangerheimen

Samnangerheimen er ny og me flytta inn 31 mars. Institusjonen har 25 institusjonsplassar, gjesterom for pårørande, resepsjon, eige produksjonskjøkken, vaskeri og storstova.

Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune.

Pasientar vert tidleg ferdigmeldte frå sjukehus og mange må få vidare behandling på Samnangerheimen.

For å kunna gje dette tilbodet treng me i dag meir sjukepleiekompetanse enn tidlegare.

Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde

Me drifrar respiratoren med vårt eige personale. Dyktige tilsette gjer dette mogeleg.

Me opna ikkje opp post 1 ved innflytting og leiger ut sjukeheimplassar til Os. Me greier likevel å gje tilbod til pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus eller av anna grunn fyller krav om sjukeheimplass.

Omlegging av måltid og flytting av middag frå kl 13.00 til kl 16.00 har vore eit viktig prosjekt. Samnangerheimen har eige produksjonskjøkken. Ved innflytting endra ein måltidsrutinane og pasientane får no 6 måltid i døgnet.

Frukost, lunsj (ofte varm), middag, kaffimat, kveldsmat og sein suppe for dei som ønskjer det.

Samnanger var tidleg ute med dette og i løpet av året har positiv effekt ved endring av måltidsrutinar ofte vorte omtalt i media.

Me har fått mykje positiv respons på dette og me ser gode helse- og ernæringsgevinstar hos pasientane.

Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Årsturnus: Kvar enkelt tilsett får vera med å planleggja sin eigen turnus. Einingsleiar prøver å tilretteleggja til det beste for kvar enkelt, men sjølvstøtt innan forsvarleg drift.

Alle har fått mange ønske oppfylt og har gode turnusar som er tilpassa den enkelte.

Alle fast tilsette har pr. i dag den stillingsprosenten dei ønskjer seg. Dette er òg eit gode med årsturnus, då dei som ønskjer det kan få stillingsauke gjennom året.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Janne Drevsjø

Netto driftsutgifter:

Kr 24 479 030,-

Avvik:

Kr +192 761

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

50

Tal årsverk:

27,3

Tal brukarar:

Korttidsopphald 41

Langtidsopphald: 14

Avlastning: 4

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



	2012	2013	2014	2015	2016
Sjukefråvær i %	9,78	12,35	11,41	7,38	10,34

(mål 9,0%)

Me har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

Medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:

- Samnangerheimen er ei IA-bedrift og me nyttar verkemiddel som tilretteleggingstilskot, har tett dialog med den sjukemelde og melder tidleg til NAV.
- Har kvar månad personalmøte, postmøte og teammøte.
- Har kvar andre månad samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod.
- Kvar fredag har alle tilsette på Samnangerheimen og heimetenesta felles lunsj, der me spleiser på å handla inn og et lunsj i lag. Kjekt tiltak.
- Felles opplæring for alle tilsette i haust.
- Morgontrim kvar tysdag og onsdag med fysioterapeut
- Hausten 2016 gjennomførte kommunen medarbeidarundersøking i alle einingane. Kvar eining valde etterpå ut eit fokusområde for 2017. (svarprosent i eininga var 100 %)

Fokusområde	Mål	Tiltak
Kompetanseheving/ mestringsklima	Framsnakka kvarandre Gjera kvarandre gode Samarbeida og utveksla idear	Intern undervisning Deling av verdifull kompetanse

 **Miljøtiltak og energiøkonomisering**

Ny sjukeheim
Samarbeid med Lions og Hagelaget om sansehagen.

 **Spesielle hendingar**

- Opning av sjukeheimen for alle innbyggjarar i kommunen
- Storstova på Samnangerheimen er mykje brukt og har vorte den samlingsstaden me håpa på.
- Fått til endå betre samarbeid med frivillige lag og - organisasjonar
- Samnangerheimen har eiga side på Facebook der me deler mykje av alt det positive som skjer på sjukeheimen (avklart med pasientar og pårørande/verje)

 **Utfordringar.**

- Innflytting i nytt bygg var krevjande
- Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåvene

 **Mål 2017.**

- Halda fram med fokus på «det gode måltid»
- Tilsetja fleire sjukepleiarar
- Arbeida vidare med prosedyrar
- Skaffa inntektar ved sal av institusjonsplassar



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Reidun Abotnes

Netto driftsutgifter:

Kr 13 996 144

Avvik:

Kr -155 831
(meirforbruk)

Tal tilsette:

25 fast tilsette
16 vikarar

Tal årsverk:

17,74

Tal brukarar:

81 i heimetenesta
23 på dagsenteret

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Heimetenester

🚩 Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Heimetenestene sine oppgåver er heimesjukepleie, praktisk bistand til reinhald, dagsenter, kols- og diabetesteam og utleigebustadar Tysse.

Heimetenesta merkar at fleire vil bu heime så lenge dei kan. Gode hjelpemidlar og tilrettelagte bustadar gjer dette mogeleg. Brukarane våre vert òg eldre, fleire lever med alvorleg sjukdom lenger.

Me får også fleire yngre og alvorleg sjuke brukarar.

Nærleik til sjukehus, og samhandlingsreforma, gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i Samnanger kommune.

For å kunna gje dette tilbodet treng me i dag fleire sjukepleiarar enn tidlegare.

I Samnanger arbeider me godt på tvers av profesjonar og einingar for å få til eit best mogeleg tilbod for innbyggjarane.

Den nye storstova på Samnangerheimen er lokale for dagsenteret, og fleire heimebuande ønskjer å nytta dette flotte tilbodet.

	2013	2014	2015	2016
Samla	71	76	78	81
Reinhald	12	12	14	13
Heimesjukepleie	32	52	42	44
Begge delar	27	11	22	24
Matombringning				24
Tryggleiksalarm			30	32
Dagsenter	17	16	22	23

Samnanger kommune har interkommunalt samarbeid med Os og Fusa, om Kols- og Diabetesteam. I tillegg har me eigne ressursjukepleiarar innan demensomsorg og palliasjon/lindrande behandling.

🚩 Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Heimetenesta har ca 40 brukarar med vedtak på medisinadministrasjon.

I haust starta me opp med multidose (= medisin vert pakka på apotek). Dette frigjer tid for personalet og reduserer avvik knytt til dosering.

Me har fått på plass gode prosedyrar knytt til uvær, straumbrot og brot på telekommunikasjon.

Fleire nyttar dagsenteret og aktivitetar på storstova. Dagsenteret er ope 3 dagar i veka og stengt 4 veker om sommaren. Songstund kvar måndag er svært populært. I tillegg er det mykje anna aktivitet på storstova der heimebuande er invitert til å ta del.

✚ Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Å drifta eininga samtidig som både heimetenesta og sjukeheimen flytta, var ei stor oppgåve. Men me kom i mål, ting har gått seg til og det er godt å vera i eit funksjonelt bygg.

	2012	2013	2014	2015	2016
Sjukefråvær i %	16,79	9,63	11,13	11,13	14,43

(mål 9,0%)

Eit høgt fråvær der leiar har følgd tilsette tett. Har jamlege samtaler med dei sjukemeldte. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

Hausten 2016 gjennomførte kommunen medarbeidarundersøking i alle einingane. Kvar eining valde etterpå ut eit fokusområde for 2017. (svarprosent i eininga var 80)

Fokusområde	Mål	Tiltak
Meistringsklima	Trygge og kompetente tilsette som delar kunnskap med kvarandre	Ansvarleggjera kvarandre, byggja opp kompetanse, ha ulike ansvarsområde

Me har hatt ein del trivselsfremjande tiltak, både i eininga og saman med heile plo.

Jamlege personalmøte, internundervisning og to like opplæringsdagar i haust for alle tilsette i pleie og omsorg.

God dialog og faste møte med tillitsvalde.

Overgang frå 6-vekers turnus til årsturnus. Turnus som gjev mange moglegheiter for tilsette og i større grad kan tilpassast den enkelte arbeidstakar sine behov.

✚ Miljøtiltak og energiøkonomisering

Automatisk lyssparing, då lyset går av når det ikkje er folk i kontor, medisinrom mm.

Fleire av leasingbilane skal bytast ut til elbilar i 2017.

✚ Utfordringar:

- Høgt sjukefråvær
- Mykje skader på arbeidsbilane

✚ Mål 2017:

- Nå målet om sjukefråvær under 9%
- Få til betre låsesystem i heimetenesta
- Redusera skader på arbeidsbilane – *trafiksikker kommune*
- Prosedyrar/system for heimebesøk til eldre (førebyggjande tiltak)
- Vidare fokus på velferdsteknologi
- Rekruttera fleire friviljuge til drift av dagsenteret

Funksjonshemma

Eininga har ansvar for bufellesskap, arbeid, dagtilbod, aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt for funksjonshemma.

Drifta er knytt til Skottabakken bufellesskap med 7 bebuarar og 3 heimebuande med tenester serva frå bufellesskapet. Eininga har i tillegg oppfølging med rundt 15 andre brukarar. Brukargruppa spenner frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike fysiske- og psykiske funksjonshemmingar.

Brukarar kan òg ha rett til koordinator og individuell plan – samt oppfølging i ansvarsgrupper.

Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Det har i aukande grad nasjonalt og internasjonalt vorte sett større fokus på psykiske lidningar blant utviklingshemma dei siste åra. Dette er også noko ein ser lokalt og medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad er eit tverrfagleg tema. Eininga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde - måloppnåing

Eininga har halde seg innanfor budsjett. I tråd med årsmåla er det redusert utgifter med 150 000 kroner til arbeid. Likevel har fleire brukarar fått tilrettelagt arbeid i 2016. Det har vore jobba målbevisst med å få fleire brukarar inn på statleg finansierte VTA-plassar, samt gjennomført reduksjon i eigenbetaling for kommunen på fullfinansierte plassar.

Frå hausten 2016 starta me opp dagtilbod i Samnanger 5 dagar i veka for ein brukar.

Mål om oppstart av bygging av nytt senter for funksjonshemma vart ikkje nådd.

Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga har årsturnus og fleirtalet av dei tilsette ved Skottabakken bufellesskap har i fleire år arbeid langvakter (med oppfølging frå Bedriftshelsetenesta). Dette har hatt eit positivt utfall på nærværstatistikken og trivselen til dei tilsette og vore eit stort gode for bebuarane i bufellesskapet. Sjukefråværet har vore lågt trass dårlege fysiske arbeidsforhold.

	2012	2013	2014	2015	2016
Sjukefråvær i %	9,86	11,24	6,52	9,12	7,04

(mål 9,0%)

Hausten 2016 gjennomførte kommunen medarbeidarundersøking i alle einingane. Kvar eining valde etterpå ut eit fokusområde for 2017.

Einingsleiar:

Birthe Skar-Moum

Netto driftsutgifter:

kr 9 755 006

Avvik:

Kr +231 751

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

20 fast tilsette

10 vikarar

17 oppdragstakarar

Tal årsverk:

11,5

Tal brukarar:

23

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



(svarprosent i eininga var 70). I eininga vart det vald ut å arbeida med Faktor 9 «Meistringsklima» og det er laga handlingsplan ut frå dette.

Fokusområde	Mål	Tiltak
Meistringsklima	Å gjere kvarandre gode, dele kompetanse	Ulike mindre og konkrete tiltak, ansvarsfordelt mellom leiar og tilsette.

Det er eit mål for eininga å ha flest mogleg tilsette i store stillingar. Også i 2016 har tilsette fått utvida stillingane sine. Personal møte er vanskelig å gjennomføra på Skottabakken grunna manglande lokale, dette har dermed ikkje vore gjennomført i så stor grad som ønskeleg i 2016.

Det er også vanskeleg å gjennomføra enkle nærværstiltak og trivselsfremjande tiltak som felleslunsj og liknande i kvardagen, grunna mangel på fasilitetar.

Det er låg del menn tilsett i eininga, det er fokus på dette i tilsetjingar ut frå eit likestillingsperspektiv, men mest med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

Tilsette har delteke på kurs i handtering av vald og truslar. Det har også vore gjennomført seminar i regi av Habiliteringstenesta med fokus på miljøterapeutiske metodar og psykosar.

Miljøtiltak og energiøkonomisering:

Eininga har tatt i bruk ny leasingbil i 2016, ein hybridbil. Ein stor del av køyringa føregår med el-kraft.

Spesielle hendingar i 2016:

Skottabakken bufellesskap har gått over til Multidose (=medisin vert tillaga på apotek), dette frigjer tid og reduserer avvik. Elles har eininga venta på avgjerd om kvar ein skal byggja nytt senter for funksjonshemma, utsettinga av denne avgjerda har prega alle tilsette.

utfordringar:

- Dårlege fysiske arbeidsforhold
- Ikkje kontorfasilitetar til leiar i bufellesskapet

Mål 2017:

- Starte bygging av nytt senter
- Gode prosessar der tilsette, brukarar og pårørande får ta del i planlegging av nytt senter
- Planleggja mellombels drift og flytta inn i lokala på Samnangerheimen
- Halda sjukefråværet nede
- Behalda og rekruttera fagpersonar



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Harald Ramm Salbu

Netto driftsutgifter:

Kr 10 736 945

Avvik:

Kr -220 445
(meirforbruk)

Tal tilsette:

14

Tal årsverk:

7,1 (i tillegg kjem legane som er private)

Tal brukarar:

2.488 innbyggjarar

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Helse

🚩 Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Helseeininga dekkjer tenestene innan psykiatri, fysioterapi, jordmor, helsesøster, lege, kommunale øh-senger, legevakt og first responder. Samhandlingsreforma har som mål at flest mogeleg pasientar skal, der det er mogleg, behandlast av fastlege og i eigen kommune.

Pasientane vert tidlegare utskrivne frå sjukehus og pasienten må få oppfølging/behandling i Samnanger.

Fleire treng rehabilitering i eigen kommune. Her har fysioterapitenesta eit ansvar. Meir fokus på førebyggjande arbeid.

Psykisk sjuke skal òg i større grad få hjelp i eigen kommune. Nokre får framleis behandling i kortare eller lengre periodar hjå 2 .linjetenesta, men målet er at denne gruppa òg skal få hjelp/behandling i eigen kommune så langt det er mogleg.

Fødselstalet i Samnanger held seg stabilt. Nasjonale føringar har auka fokus på den gravide sine psykososiale forhold, vald og overgrep, overvekt, røyking og rus.

Det vert satsa både nasjonalt og i kommunane på barn og unge. Det er fokus på førebyggjande arbeid, psykisk helse mm.

🚩 Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde/måloppnåing

I samband med innflytting i ny sjukeheim fekk kommunen høve til å omorganisera litt på dei kommunale omsorgsbustadane. Dette har gjeve eit betre tilbod til fleire i gruppa med psykiske utfordringar. Betre tilrettelegging av bustadar samt dagsenter.

Fysioterapeut har teke til med fellestrim på Samnangerheimen x 3 pr veke, treningsgruppe for pasientar med KOLS og bassengtrening for personar med ulike lidningar.

Jordmor har som mål å få til tidlegast mogleg heimebesøk etter fødsel, så langt stillingsressursen tillèt.

I november starta ein landsomfattande vaksinerings av kvinner fødd i 1991 og seinare for HPV. Helsestasjonen var førebudd og klar til dette då det sette i gang.

Den 15.02.2016 blei avtalen om kommunale akutt-døgnplassar ved Diakonissehjemmets Sykehus Haraldsplass sett i verk. Ved årsskiftet hadde denne tenesta vorte nytta for 3 pasientar. Erfaringa med desse var god, men det gjenstår å få etablert hyppigare bruk av denne tenesta.

Etablering av skriftlege prosedyrar ved legekantoret er ein pågåande prosess og vart vidareført i 2016.

Etter innføring av nytt naudnett i 2015 har ein hatt utfordring med noko forseinka varslings av First responder. Dette skuldast nye sentrale føringar for varslings. I 2016 har ein arbeid aktivt opp mot aktuelle aktørar for å oppnå raskare varslings.

Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Halvårlege samlingar for sosialt samvær/tur, julelunsj og ad hoc-samlingar på helsetunet er viktig for å trygga relasjonar og gje oppleving av å vera ein viktig arbeidstakar.

Regelmessige samtalar mellom einingsleiar og den enkelte fagperson.

Det vert gjennomførte månadlege møte i allmennlegeutvalet i Samnanger. Personalmøte for legekantoret har vore gjennomført 8-10 gonger pr. år. Einingsleiar jobbar for å få gjennomført årleg medarbeidersamtale med alle kommunalt tilsette på legekantoret.

Regelmessige samlingar for befall på first responder, samt for heile First respondermannskapet. Fleire årlege kurs og øvingar for å oppretthalda kompetansen. Ein del av dette fell inn under brann.

Spesielle hendingar i 2016;

Kommuneoverlege Harald Ramm Salbu tok til som einingsleiar 01.03.2016 i 10 % stilling.

Ny sjukeheim gav kommunefysioterapien nye flotte lokale for kontor, behandling og trening. Det gav òg nye funksjonelle kontorlokale til psykiatritenesta.

Samnanger kommune vedtok å tilsettja psykolog i 60 % stilling. Det lukkast ikkje å tilsettja kvalifisert person i den aktuelle stillinga i 2016. Dette vil ein jobba vidare med i 2017.

Smittevernlege/kommuneoverlege, fastlegar og helsesøstertenesta har vore med å ta imot flyktningar, sær i høve tuberkulosekontroll og oppdatering og innhenting av vaksinasjonar.

Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge vart for alvor starta opp i 2016, der kommuneoverlegen sit i oppvekstforum, og begge helsesøstrene er koordinatorar i kvar si basegruppe. Me var med og arrangerte Verdensdag for psykisk helse oktober, med markering både på skulane, barnehagane og for bygdefolket.

I desember 2016 hadde Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med legevakta. Ved tilsynet vart det gjeve avvik knytt til ansvarsavklaring, opplæring og dokumentasjon.

Legevakta vil arbeida for å retta opp i brota primo 2017.

Nokre viktige faglege fora

Psykiatritenesta deltek i månadlege samarbeids- og fagmøte på Solli DPS.

Jordmor deltek i samarbeidsmøte med spesialisthelsetenesta og diverse regionale fagmøte.

Leiande helsesøster deltek i regionale fagforum for leiande helsesøstre.

Helsesøsterkongress på Lillehammer

Kommuneoverlegen sin deltaking på smittevern-dagane ved Folkehelseinstituttet

Fylkesmannen sin årlige samling for kommuneoverleger.

Regionalt forum for kommuneoverleger i regionen.

Kommunelegen sin deltaking i Underutval for akuttmedisinsk beredskap – Bergensregionen (UFAB)

Utfordringar:

- Få tilsett psykolog
- Nytt øh-senger på Haraldsplass diakonale sjukehus optimalt

Mål 2017:

- Få tilsett psykolog
- Arbeida vidare med å få på plass prosedyrar
- Arbeida førebyggjande knytt til barn og unge



Barnevernsleiar:

Anita Eide
(Bergen kommune avd Arna)

Netto driftsutgifter:

Kr 9 088 387

Avvik:

Kr -326 258
(meirforbruk)

Ekstrakrav frå BUF-etat:

Kr 3,5 millionar

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

Barnevern

Etter ein lang prosess vart barnevernet i Samnanger i 2016 del i eit interkommunalt samarbeid. Bergen bystyre vedtok i april 2016 ein avtale om vertskommunesamarbeid (jmf kommunelova §28) om oppgåver etter barneverntenestelova. Samnanger kommunestyre vedtok avtalen 12 mai. 2016. I dette vedtaket ligg det at barnevernsjefen for avd. Arna, Anita Eide også har ansvaret for Samnanger. Det vart samstundes inngått avtale om barnevernsvakt. Dette ansvaret låg tidlegare på barnevernsjefen som i realiteten var i beredskap heile døgeret.

Sidan det hadde vore arbeidd lenge med denne saka og barnevernsleiar i Arna har vore i tett dialog med Samnanger over noko tid, var det mogleg å overføra ansvaret relativt straks etter vedtaket. Ansvarsoverdraginga var allereie ein realitet frå 1. juni. I 2016 var det berre ein fast tilsett, og ho gjekk ut i omsorgspermisjon tidleg på året.

Arbeidet første halvår vart utført av to innleigde konsulentar som kommunen har nytta i fleire år og som kjende både Samnanger og barna som var i kontakt med barnevernet. Bergen kommune engasjerte den eine ut 2016, noko som var ein suksessfaktor for at overgangen til ny ordning har gått utan problem. Den fast tilsette har takka ja til å verta tilsett i Bergen kommune.

	2015	2016
Meldinger i alt	8	8
Meldinger som gikk til undersøking	7	7
Meldinger med behandlingstid innen 7 dagar	8	8
Barn med undersøking eller tiltak	36	26
Undersøking som førte til tiltak	5	:
Barn med tiltak i løpet av året	31	20
Barn med tiltak fosterheim	12	11
Barn med tiltak for å styrke foreldreferdigheiter	13	8
Barn med tiltak for å styrke barnets utvikling	15	9

Statistikken viser at det er færre born som får hjelp av barnevernet. Det har vore ein kritisk gjennomgang av hjelpetiltaka, noko som har resultert i at ein del av dei er avslutta. Nokre tiltak har barnevernet meint ikkje er barnevern, men meir økonomisk sosialhjelp eller psykiatri, og av den grunn er dei avslutta som tiltak i barnevernet.

Andre tiltak ville nok uavhengig av overgangen vorte avslutta. I løpet av året opphørde eit tiltak retta mot ein ungdom i institusjon då ungdommen som var fylt 18 år ikkje lenger ønskte å fortsetja å bu der. Eit forsterheimstiltak vart avslutta også pga. alder, eit anna vart overført til DUE-tiltak (eit bu- og nærmiljøtiltak for ungdom som vert definert som institusjonstiltak).

Barnevernet får framleis få meldingar, men dei meldingane som kjem vert handtert innan fastsette fristar. Sakshandsaming når det gjeld oppfølging/undersøkingar m.m. vert gjort godt innan lovpålagte fristar.

Utfordringa med eit interkommunalt barnevern er å få dei tilsette til å ha så god kontakt med Samnanger kommune at dei kan fanga opp «miljøet». Ikkje minst er det viktig at dei har god kontakt med tilsette i barnehage, skule, kultur, psykiatri, helse og NAV i Samnanger. Dette fordi det då vil vera naturleg for dei å ta kontakt med barnevernet, og at det er ein gjensidig tillit og forståing for arbeidet til kvarandre. Samnanger kommune har etablert eit tverrfagleg fora for barn og unge. Barnevernet har ei naturleg rolle i dette fora (inkl. undergrupper), og det er no vorte ei forståing for at representant for barnevernet møter.

Rekneskapen

Over fleire år har det vore ein diskusjon med Bufetat der tema har vore om Samnanger kommune skal betala meir enn standardpris for opphald i institusjon. Samnanger kommune har tilbakevist kravet. Bufetat har ikkje akseptert det, og i 2016 vart kravet brakt inn til tvistenemnda i barnevernet. Dei har gitt Bufetat medhald, noko som inneber at Samnanger må betala 50% av meirutgiftene dei meiner å ha hatt. Samnanger kommune har enda ikkje motteke konkret krav, men med utgangspunkt i saka i nemnda, har me rekna oss fram til ein sum på ca 3.5 mill. kroner. Dette er ført som krav i rekneskapen for 2016. Ser ein bort frå denne summen, er det brukt mindre midlar i barnevernet i 2016 enn opphavleg budsjettert.

Barnevernsmyndigheit

Det er viktig å presisera at sjølv om kommunen har sett ut oppgåvene om barnvern til Bergen kommune, så er det Samnanger kommunestyre som er barnevernsmyndigheita i kommunen og har ansvar for å føra tilsyn og internkontroll med arbeidet som vert gjort.



Arbeid med inkludering og vennskap

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Anne J Fredriksen

Netto driftsutgifter:

Kr 13 951 630

Avvik :

Kr +181 143
(mindreforbruk)

Tal tilsette:

Dråpeslottet 18
Vassloppa 19

Tal årsverk:

Dråpeslottet : 14,00
Vassloppa : 13,90

Tal brukarar:

Dråpeslottet : 48
Vassloppa : 55

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Barnehageeininga

🚩 Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2016.

Strategiplan for oppvekst og kultur vart vedteken i formannskapet 09.06.16. Saman har me utarbeidd felles overordna mål for skule, barnehage og kultur. Intensjonen for planen er å skapa oversikt, visa retning og arbeida for ei systemisk heilskapleg tilnærming når det gjeld tenestetilbodet i sektoren. Barnehagen er ein del av utdanningsløpa og dei overordna måla i strategiplanen er viktige grunnpilarar i arbeidet med barna. Barnehagane opplever at dei i større grad er verdsatt gjennom dette arbeidet.

Barnehage og skule har no same visjon:

Ein god stad å vera, ein god stad å læra



2016 har i tillegg vore prega av kostnadskutt og nedbemanning i barnehagesektoren i Samnanger. Denne prosessen har vore langt frå smertefri. I januar 2016 stengde me ned ein småbarnsavdeling på Dråpeslottet, Våren 2016 bemanna me i tillegg ned i begge barnehagane etter stramme rammer påpeika i Agenda Kaupang (fleire barn pr. vaksen). For å kunna ta inn alle med rett til barnehageplass, opna me den stengde avdelinga på Dråpeslottet i august med å tilsettja ein barnehagelærer.

Barnetalet pr. vaksen har auka frå 5,1 til 5,9 pr. vaksen frå 2015 til 2016. Det nasjonale snittet er 6,0 pr. vaksen.

Hausten gjekk med til utgreiing av felles barnehage og 1-10 skule. Alle aktørane fekk uttala seg gjennom SWOT- analysar. Året har vore krevjande, men arbeidet med ny sektor og ny strategiplan har gjort oss i stand til å handtera det på ein god måte.

🚩 Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde i 2016 – måloppnåing

I 2016 har barnehagen jobba aktivt innafor kompetanseheving for språk og språkstimulering. Heile personalet har delteke og me har nytta utdanningsdirektoratet sin rettleiar: *Språk i barnehagen, Mykje meir enn berre prat*. Målet er å få til eit meir systematisk språkarbeid.

Me har jobba med kvalitet og kvalitetsutvikling, men noko er vorte utsett p.g.a. prosessen kring utgreiing av 1.-10. skule og ein felles barnehage denne hausten. Me held fram med arbeidet våren 2017.

Elles held me fram med vårt andre satsingsområde *De Utrolige Årene*. Me arbeidar systematisk når det gjeld å skapa gode relasjonar i barnehagekvardagen. Vennskap og inkludering er nøkkelord for : *Ein god stad å vera, ein god stad å læra*

Måloppnåing elles i 2016

- økonomi – overskot på budsjettet, og bemanning i høve til kostratal me kan samanlikne oss med (5.9 pr vaksen)
- full barnehagedekking, alle med rett til barnehageplass har fått plass. Dette gjeld også september- og oktoberbarn (retten til barnehageplass vart utvida i 2016)
- barnehagebasert kompetanseutvikling kring språk i barnehage

✚ **Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær**

Sjukefråværet har diverre auka i barnehageeininga. Me lagar tilretteleggingsplanar for kvar enkelt, og har dialog med dei sjukemelde for å få dei raskast mogleg tilbake i arbeid. Det er ulike grunnar til fråvær, og det er vanskeleg å leggja til rette for dei som ikkje er heilt friske. På medarbeidarundersøkinga vart me einige om vidare arbeid innan 2 faktorar.

Faktor 7: Relevant kompetanseutvikling og Faktor 3: Sjølvstende

Heile personalet har ønske om meir opplæring i bruk av kartleggingsverktøy slik at alle kan delta meir sjølvstendig i det daglege arbeidet

✚ **Miljøtiltak og energiøkonomisering**

Teknisk eining har begynt utskifting av gammalt lysarmatur på Vassloppa til leddlys. Det er planar for vidare energiøkonomisering på Vassloppa.



✚ **Spesielle hendingar i 2016.**

- Vår 2016: Arbeid med felles strategiplan for barnehage, skule og kultur
- Begge barnehagane har faste tradisjonar som karneval, haustfest og ulike arrangement rundt jul og sommar.
- Kvar påske inviterar me føresette på frukost i veka før palmesøndag
- Begge barnehagane har hatt fokus på vennskap og inkludering
Dråpeslottet barnehage utvida tema med vennskap over landegrensar . Barnehagen deltok i FORUT sin nye barneaksjon GODE VENNER.
Det vart arrangert foreldrekafe med marknad . Me samla inn 18 000 kr som me sende til aksjonen
- Hausten 2016 : Delta i utgreiing felles barnehage/ 1-10 skule



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar/rektor:

Vigdis Vikne

Netto driftsutgifter:

Kr 18 814 674

Avvik :

Kr +309 721

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

40

Tal årsverk:

26

Tal elevar:

208

Tal elevar sfo:

47

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

www.sambs.no



Samnanger barneskule

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2016.

Samnanger barneskule er ein velfungerande organisasjon som driv i tråd med statlege føringar og retningsliner. Dei nasjonale måleindikatorane for kvalitet syner jamt over gode resultat for barneskulen. Jf. nasjonale prøvar i lesing, rekning, engelsk, elevundersøkinga m.fl..

Leiinga er særst godt nøgd med rekrutteringa til lærartenesta dei siste åra. Me har mange høgt utdanna lærarar med dei rette personlege eigenskapane som skal til for å vera ein god lærar. Organisasjonen arbeider systematisk med skuleutvikling og hovudsatsinga 2016 – 2017 er vurdering for læring. Her fylgjer me eit nettbasert program i regi av Høgskulen i Lillehammer, eit skulebasert kompetansehevingsprogram som er oppretta etter bestilling frå Utdanningsdirektoratet. Kursrekka i Midthordland kompetanseregion i regi av KS, har gjeve oss nyttige verktøy i utviklingsarbeidet. Rettleiing ved KS konsulent har også vore nyttig for kvalitetssikring av arbeidet, og til inspirasjon for leiinga av slike prosessar.

Leiinga legg vekt på distribuert leiing gjennom ansvar og myndiggjering av medarbeidarane. Leiinga har 100% tillit til sine medarbeidarar med mindre det er grunn til å tru noko anna. Resultata frå medarbeidarundersøkinga understrekar at opplevinga av tillit er av stor verdi i deira profesjonsutøving. Einingsleiar opplever også eit nært og godt samarbeid med føresette og andre sentrale samarbeidspartnarar. Graden av samarbeid og felles fokus meiner me er ein viktig ressurs for at me oppnår skulen sine målsetjingar og intensjonar.

Skulen sitt hovudsatsingsområde i 2016 - 2017 er som tidlegare nemnt vurdering for læring. Dette er også ein del av nyleg vedteken strategiplan for Oppvekst og kultur. Skulen er også med i prosjektet Syngande skule, sjå: <https://www.syngendeskoole.no/>

Kort oppsummering av resultatata frå nasjonale

kvalitetsindikatorar:

Elevundersøkinga: Denne undersøkinga viser gode resultat innan trivsel og at det er svært lite mobbing ved skulen. Den syner også eit utviklingspotensial innan områda elevmedverknad og vurdering.

Fag	SBS	Hordaland	Nasjonalt
Engelsk	50	49	50
Lesing	52	49	50
Rekning	51	50	50

Skulebidragsindikator: I den store undersøkinga som Statistisk sentralbyrå har utført på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, som måler kva den ein skule bidreg til i elevane si læring, er Samnanger best i Hordaland på 8. trinn. På 5. trinn har me framleis eit utviklingspotensiale. For nærare informasjon om undersøkinga sjå: <https://www.ssb.no/utdanning/sporsmal-og-svar-om-skulebidragsindikator>

Kommunebarometeret syner også gode resultat for dei fleste måleindikatorane i grunnskulen: <https://kommunebarometeret.no/nav/1242/1>

Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Samnanger barneskule har svært gode fysiske arbeidsforhold og det psykososiale arbeidsmiljøet har me kontinuerlig fokus på. Styrkar som vert trekt fram i Faktor 10 er m.a. at våre medarbeidarar opplever å verta tatt på alvor, opplever adekvat hjelp og støtte, godt samarbeid internt og eksternt, kjenner seg sett og får positiv tilbakemelding.

Samarbeidet med barneverntenesta i Arna og PPT i Vaksdal fungerer svært godt. Medarbeidarane er også flinke til å ta initiativ til sosiale treff utanom arbeidstid, t.d. julebord og samvær i «gamlestova» i Nordbygda. Då er det ekstra kjekt når pensjonistane er med.

Einingsleiar opplever også eit svært godt samarbeid med bedriftshelsetenesta og legetenesta i kommunen, der me saman prøver å finna gode løysningar for einskildpersonar når det er behov for det.

Leiinga vurderer også til ei kvar tid kvar det er behov for hjelp og støtte, og omdisponerer og omorganiserer drifta etter behov. Leiinga ser med fordel at kommunen kunne betra rutinar for arbeidstakarar som treng tilrettelegging / endra arbeidsoppgåver av ulike grunnar.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Me har innarbeidde rutinar kva gjeld handhygiene, inne- og utesko, samt handtering av avfall. Her kunne me sjølvsagt gjort mykje meir! Det som gjeld varmpumper etc. vil nok teknisk seia meir om.

Spesielle hendingar i 2016;

Her er det fleire positive aktivitetar eller samlingar som kan nemnast. M.a. samarbeidsprosjektet i sektoren: «Bry deg veka» med fokus på psykisk helse. Her hadde me fleire gode eksterne krefter som bidrog. Mellom anna samarbeid med Samnanger og Kvam lensmannskontor. Vidare hadde me ei særstytting førelising frå RVTS (Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging) der tema var «den avdekkande samtalen» el. «den vanskelege samtalen». Denne kompetansen har allereie vist seg å vera nyttig.

Oppfylginga etter Agenda Kaupang-rapporten og bestillinga frå styringsgruppa ang. økonomi har teke mykje av tida for leiinga ved skulen. Dette har m.a. fått konsekvensar for kontinuiteten og fokuset på det pedagogiske utviklingsarbeidet. Likevel meiner me å ha klart å skjerma våre medarbeidarar slik at den daglege drifta har vorte oppretthalde.

Sfo

Skulen har ei velfungerande sfo-ordning, med engasjerte og kompetente medarbeidarar. To av assistentane har teke barne- og ungdomsarbeidarutdanninga, og klart eksamen i jan/feb 2017.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar/rektor:

Bodil Helliesen Øpstebø

Netto driftsutgifter:

Kr 9 816 649

Avvik:

Kr +191 557

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

20

Tal årsverk

13,71

Tal elevar:

77

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Samnanger ungdomsskule (SUS)

🚧 Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2016.

Samnanger ungdomsskule driv etter gjeldande lovverk med undervisning, tilpassa- og spesialundervisning der det er naudsynt og fungerer godt. Tilbod til einskilde elevar om å ta fag på vidaregåande nivå har òg vore gjeve. Samarbeid mellom heim og skule er svært godt og elevane er jamt over arbeidssame og gjev uttrykk for at dei stort sett trivs godt.

I samarbeid mellom skulen, PPT og heimane har skulen hatt kritisk gjennomgang av bruken av spesialundervisningstimar kontra tilpassa opplæring. Dette har ført til litt endring med variasjon mellom to lærarar i klasserommet eller bruk av deling i fleire grupper ut frå ulike tema.

Utviklingsprogrammet Ungdomssteget i utvikling (UIU) med lesing i alle fag har gjeve kompetanseheving til alle pedagogane med rettleiing frå Høgskulen Stord Haugesund. Eininga jobbar med bruk av lærande møte der alle tilsette er deltakande og skuleutvikling kan skje. Vidare har personalet jobba i prosess med ny Strategiplan og eit krevjande arbeid med utgreiing av eventuelt 1-10 skule på Gjerde.

Skulen skårar jamt over høgt på dei ulike sentrale indikatorane som elevundersøkinga, nasjonale prøvar, SSB-undersøkinga og grunnskulepoeng. Men det kjem fram at nokon vert mobba, og ved bruk av SPEKTER-undersøkinga kjem det fram at mykje skjer på sosiale medier. Dette vert det jobba med på ulike plan, m.a har politiet vitja alle klassane og fortalt om konsekvensar og følgjer av lovbrøt. Sektorleiar har hatt miniseminar mot mobbing både for tilsette og elevrådet. Rektor sende informasjon ut til alle foreldra. Undersøkinga viser også at nokon er einsame i friminutta. Her er mellom anna elevrådet aktive og ønske om fleire aktivitetar i friminutta står høgt. Dette vert det jobba med.

Nytt i haust er aldersblanda valfag, noko elevrådet har etterspurt og som fungerer godt. Av fag er sal og scene nytt. Samnanger ungdomsskule fekk også vera med som pilotskule i programmering, og elevane frydar seg over dette. Prosjektet går over tre år. Skulen får 75 000 pr. skuleår til utstyr og kurs for lærar.

🚧 Eininga sine hovudmål og satsingsområde i 2016 – måloppnåing

Pedagogane og assistentane er dyktige, engasjerte og skaper gode læringsarenaer, noko som er medverkande til resultat som t.d grunnskulepoeng.

Grunnskulepoeng (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)

	2012	2013	2014	2015	2016
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	43,5 SUS 40,7 H 40,0 N	39,7 SUS 40,3 H 40,1 N	42,9 SUS 40,9 H 40,4 N	41,2 SUS 41,4 H 40,8 N	43,9 SUS 41,6 H 41,2 N

Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N)

	SUS 2014	H 2014	N 2014	SUS 2015	H 2015	N 2015	SUS 2016	H 2016	N 2016
Lesing 8 tr	53	49	50	53	50	50	53	49	50
Lesing 9 tr	56	53	54	53	53	53	57	54	54
Engelsk 8 tr	54	49	50	50	50	50	54	50	50
Rekning 8 tr	51	49	50	50	50	50	52	50	50
Rekning 9 tr	53	53	53	56	53	54	54	54	54

Lesing i alle fag har vore eit lærerikt utviklingsarbeid som tidlegare nemnt og har gjeve oss fornya fokus på motivasjon, meistring og læring hos elevane.

Tilpassa opplæring – her har me gjort nokon grep som igjen har ført til endring i budsjettet. Ca. 1 million er flytta frå styrka tiltak til å styrka vanleg undervisning ut frå mål om inkluderande opplæring. Mellom anna dansk forskning viser at elevar har eit større fagleg utbytte av å vera i klassen, og at dette gjev auka kunnskap hos alle elevane.

Ungdomsskulen har vore gjennom innsparingar tidlegare og tilpassar drifta etter gjeldane budsjett. Sektoren har hatt fokus på at skuleår ikkje følgjer budsjettår. Bemanninga om hausten vil derfor styra 7/12 i nytt år. Ei stilling som vart avvikla 01.10. vart derfor ikkje erstatta fullt ut. Refusjonar p.g.a. sjukemeldingar har også vore medverkande til rekneskapet for 2016.

Kompetanseheving: Samnanger ungdomsskule har to tilsette på vidareutdanning, matematikk og rektorutdanning.

🚧 Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Ungdomsskulen har dette året fått restaurert spiserommet for dei tilsette, noko som var veldig nødvendig. Dei tilsette har gode arbeidsplassar og me opplever å ha eit godt psykososialt arbeidsmiljø, noko som også vart trekt fram i Faktor 10-undersøkinga. Styrkar som elles vert nemnt er at dei tilsette opplever jobben dei gjer som viktig, spennande, motiverande og det å få jobba med noko som er til nytte for andre. Skulen har valt å jobba vidare med faktorane sjølvstende og relevant kompetanseutvikling. Skulen har eit kreativt kollegium, noko som fekk utslag våren 2016 då dei laga ein musikkvideo til 10.-klassefesten. Denne skapte glede, samhald i kollegiet og falt i smak hos elevane. Juleavslutning og teatertur for dei tilsette skaper fellesskap i ein travel kvardag.

Ungdomsskulen har dette året hatt høgt sjukefråvær, samstundes har me eit svært stabilt kollegium med høg kompetanse. Det er kjent i kollegiet at kommunen er IA – bedrift. For einskilde arbeidstakarar har arbeidsoppgåver vore tilrettelagt i periodar når det har vore nødvendig. Einingsleiar opplever eit godt samarbeid med bedriftsheitenesta og helsetenesta i kommunen og andre instansar når det er naudsynt.

Fleire tilsette har valt å gå i redusert stilling, samstundes som det ikkje er mogleg innan skuledagen at assistentar kan ha full stilling.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Ungdomsskulen har i 2016 fått to varmepumper noko som har førte til ein stor forskjell i gymnastikksalen og i inngangspartiet, der elevane oppheld seg mykje i friminutta. Nye golv på nybygget vart tenleg og lyst. Me gleder oss over gode rom til ulike bruk og gangar som gjev ly for regn i friminutta.

Handtering av papir og søppel fungerer godt. Utfordring er plast, då me ikkje har oppbevaring og rutinar på levering utan store tilleggsutgifter.

Skulen arva noko kontorutstyr, og det har ført til at hyller er teke bort på to av kontora noko som igjen fører til betre inneklima i administrasjonen. Takk til gjevar.

Spesielle hendingar i 2016

Nytt år starta med skøytedag tidleg i januar på Fitjavatnet til stor glede for alle. Fantastisk dag der elevar og vaksne byta på skøyter og aktiviteten var stor. Same veka hadde me vitjing av Aril Brakstad med teaterframsyninga «Det sorte gullet» som omhandlar angst og tvangstankar. Eit flott samarbeid med FAU og skulen som elevane gav svært god respons på.

Tverrfagleg samarbeid i kommunen gjennomførte Verdensdagen for psykisk helse i oktober. Då vitja Per Anders Nordengen oss med alle klassane i gymsalen og han snakka mykje om at «Eg er god nok som eg er». Han nådde inn til mange av ungdomane.

Eit anna tverrfagleg samarbeidsprosjekt denne hausten var ein felles planleggingsdag på barneskulen for barnehagane og skulane. Her hadde me vitjing frå RVTs (Ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging) med tema «Den vanskelege samtalen». Denne dagen gav oss tilsette ei kompetanseheving i møte med ulike utfordringar.

SUS har eit aktivt elevråd som arrangerer sommarfest og juleball, er aktive i SU/SMU og brenn for at alle elevane skal ha det bra. Dei jobbar med å få til ulike aktivitetar i friminutta.

Elles var hausten sterkt prega av Agenda Kaupang-rapporten og oppdraget kommunestyret gav oss med å utreda 1-10-skule på Samnanger barneskule. Dette utfordra einingsleiar til å tenka nytt, evaluera, ta fram visjonar og oppsummera. Kva me har og kva me treng for å vera ein godt fungerande organisasjon og drifta etter sentrale og lokale føringar for å gje best mogleg læringsutbytte til den einskilde elev.



FAKTA OM EINGA:

Einingsleiar:

Arnved Soldal Lund

Netto driftsutgifter:

Kr 3 423 160

Avvik:

Kr +110 920 (3,14%)
(mindreforbruk)

Tal tilsette:

13

Tal årsverk:

5,22

Tal brukarar:

1646 deltakarar
/publikum
2068 besøk på biblioteket
82 kulturskuleelevar

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Eining for kultur

Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2016.

Eining for kultur har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek og kulturskule og er i sektor for oppvekst og kultur.

Etter at eininga vart plassert i sektor for oppvekst og kultur, merkar me at fokuset på barn og unge er forsterka. Det er naturleg når dei næraste samarbeidspartnarane er barnehage og skule.

For kulturkontoret har 2016 vore prega av store prosjekt. Kunstgrasbane, nytt bibliotek, tverrfagleg samarbeid for barn og unge og utarbeiding av folkehelse rapport.

Kulturkontoret har fokus på tiltak retta mot barn og unge. Det kan til tider vera vanskeleg å treffa med tilboda me lagar, men me forsøker å ha dialog med ungdommen.

På biblioteket har det vore ein jamn nedgang i besøket dei siste åra. Det kan vera mange grunnar til det. Biblioteklova seier kva eit bibliotek skal driva med. Det har me ikkje greidd å oppfylla.

Kulturskuledrifta har ikkje endra seg dei siste åra. Kulturskulen har ei ramme på 30 undervisningstimar, kor 29 går til instrumentundervisning og 1 går til drama. I tillegg får Samnanger skulemusikklag 8,5 timar til dirigent. Kulturskulen sel òg 15,2 timar til eksterne og interne.

Utviklinga me har hatt på kulturskulen i 2016, er at Samnanger kommune har vedtatt ein rammeplan for kulturskulen etter mal frå Norsk kulturskoleråd.

Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde i 2016 – måloppnåing

Eining for kultur vart i 2016 ein del av strategiarbeidet til sektor for oppvekst og kultur. Me har valt å halda på hovudmålet vår om «Kultur for alle». I strategiplanen har me fått tre nye satsingsområde: Møte mellom menneske, kulturaktivitetar og det skapande menneske.

Eit av dei viktigaste tiltaka for eininga i 2016 var at me prøvde å oppretta ei kulturveke. Me lykkast ikkje heilt med det me ønskte, men me gjorde oss viktige erfaringar som me har tatt med oss vidare.

I tekstdelen til budsjettet for 2016 hadde me seks særleg prioriterte arbeidsområde; tverrfagleg samarbeid for barn og unge, kunstgrasbane, kartlegging og verdsetting av friluftsområde,

planleggja nytt bibliotek, auke i kulturaktivitetar og å styrka og formalisera samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

Dei det vart arbeidd mest med var tverrfagleg samarbeid for barn og unge, kunstgrasbane, nytt bibliotek og auke i kulturaktivitetar. Arbeidet med å styrka og formalisera samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar vart starta, men er ikkje fullført. Kartlegging og verdsetting av friluftsområde vart ikkje starta opp, men me har avtalt med Bergen og omland friluftsråd at dei skal hjelpa oss for å få gjennomført prosjektet i 2017.

Medarbeidarar: Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eining for kultur gjennomførte i desember medarbeidarundersøkinga – Faktor 10 –, men sidan me er ei så lita eining kan me ikkje sjå tala frå eininga. Me har likevel hatt gode arbeidsmøte i eininga, der me har kartlagt styrker og svakheiter og laga tiltaksplan ut frå det. Dette har vore eit nyttig og viktig arbeid.

Eininga hadde i 2016 eit sjukefråvær på 6,4 %. Det er 3% over målet vårt. Eining for kultur er ei lita eining, så alle fråvær gjev store utslag på prosenten. Me forsøker å førebyggja sjukefråvær, men dei fråværa me har hatt har vore vanskeleg å førebyggja.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

I utlysinga av konkurransen om totalentreprisen til kunstgrasbanen i Hagabotnane hadde Samnanger kommune eit krav om at kunstgraset skulle vera av miljøvennlege produkt og helst 100 % gjenbrukbar. Ved bestilling av kunstgraset valde me òg å bestilla granulat av kork, og ikkje gummi.

Spesielle hendingar i 2016;

Eining for kultur vart ein del av sektor for oppvekst og kultur i 2015, og i 2016 vart me inkludert i utarbeidinga av ein strategiplan for sektoren. Det var både nyttig og utfordrande. Skule og barnehage har definerte aldersgrupper, men kultureininga har ingen definerte brukargrupper. Det å balansera sektoren sitt fokus på barn og unge med det å ikkje ekskludera alle andre, var noko me brukte tid på. Det er fagfelt som eininga har ansvaret for som ikkje vert dekt av strategiplanen. Kultureininga har opplevd det som ein styrke å verta inkludert i sektor for oppvekst og kultur, og involvert i arbeidet med felles strategiplan.

Det vart signalisert i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 at eining for kultur skulle omorganiseras. Eininga brukte ein del tid på dette spørsmålet i haust, men omorganiseringa er lagt på is inntil vidare.

Eininga har gjennomført over 40 arrangement i 2016. Hovudsatsinga var kulturveka, som vart arrangert for første gong. Sjølv om den ikkje vart så vellykka som me håpte, er det noko som vert vidareført.

Eining for kultur var leiar for utsmykkinga av Samnangerheimen.

Eininga var deltakar i gjennomføringa av anbodskonkurranse på kunstgrasbane og nytt friidrettsanlegg i Hagabotnane. Arbeidet starta i september.

Biblioteket vart modellbibliotek og me får hjelp av arkitekt til innreiing og tilskot til innreiing.

